



Norsk Gardsost

Lesja, 28. mai 2010

Til
Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Svar på høyring om forslag til endringar i forskrift om fritak frå overproduksjonsavgift ved lokal foredling av mjølk

Norsk Gardsost er positive til ei oppmjuking av regelverket. Dette vil gjera det lettare å få i gang verksemder med handverksmessig foredling av lokalt produsert mjølk. Vi ser at ordninga vil gje moglegheiter for auka inntening hjå mjølkeprodusentane. Som fagorganisasjon må vi påpeike at grundige avtalar mellom mjølkeprodusent og ysteri er heilt avgjerande for å sikre gode samarbeidsforhold.

Det ser ut til at avgrensingane i den nye § 3 er omfattande nok til å hindre at industrielle aktørar kan utnytte opninga til å setje i gang aktivitetar som strir i mot formålet med forskriftsendringa.

Sigurd Avdem
Leiar Norsk Gardsost